



Statsforvaltaren I Møre Og Romsdal
Postboks 2520
6404 Molde

Dykkar ref.:
2022/5035

Vår ref.:
22/1629 - 63 / ARIRIN

Dato:
04.09.2024

51/38 - Oppmoding om å trekke motsegna på område FT3 i kommuneplanens arealdel

I samband med 1.gongs høyring og offentleg ettersyn av kommuneplanens arealdel har Statsforvaltaren i fråsegn 30.08.2023 gjeve motsegn til planlagt område for fritids- og turistformål i Hundeidvik (FT3) av omsyn til strandsoneinteresser. I motsegna står det:

*«Arealet er foreslått omdisponert frå naust spreidd til fritids- og turistføremål. Det er sterkt utbyggingspress langs strandsona i Hundeidvik. I tillegg er det både eksisterande og planlagde bustadområde i bakkant som vil ha glede av tilgang til og kunne opphalde seg i strandsona. I dag er det berre bygd eitt naust innafor dette arealet. Det kan også sjå ut til at det er ei lita strand som kan ha allmenn interesse. Vi fremmer **motsegn** til FT3 Hundeidvik av omsyn til strandsoneinteresser.»*

Administrasjonen har gjort ei vurdering av området på nytt og nærings- og utviklingsutvalet vedtok på møte 15.11.2023 å behalde område FT3 Hundeidvik med formål fritid- og turistformål i kommuneplanen med uforandra avgrensing. Med bakgrunn i dette oppmodar kommunen Statsforvaltaren til å trekke motsegna til område FT3.

Grunngjeving:

Langs Kursetstranda går kommunevegen nær strandlinja og i strandsona er det etablert ein del bustader, nokre fritidsbustadar og naust i nær tilknytting til denne veggen. Områda nær strandlinja på nedsida av kommunevegen vil vere der ein må vere mest påpasseleg at vidare bruk av strandsona ivaretar ålmenta sine interesser i stor nok grad. Området FT3 er i dag del av eit område for spreidd naustbygging. Innanfor FT3 er det i dag eit eksisterande naust og fire frådelt ubegygd nausttomter. At området forblir ubegygd på sikt er difor ikkje realistisk. Visjonen til forslagsstillar er å kunne ta i bruk området til utleigehytter. Det er eit ønskje frå kommunen si side å fremme turisme i kommunen. Å sikre overnattingstader er eit av grepa i masterplanen for reiselivet. Det er i dag lagt ned ein stor innsats for å skape aktivitet som tiltrekker seg både lokale og tilreisande til Hundeidvik. Blant anna Hundeidvik klatrepark, med forskjellige aktivitetar for heile familien er etablert ved Hundeidvik privatskule. Kommunen veit at det er eit ønskje frå fleire å auke moglegheitene for overnatting i området for å gje tilreisande dette tilbodet. Kommunen vurderer at eit framtidig arealformål og prosjekt på FT3 som vil vere retta mot utleigehytter for turistar vil vere positivt for Hundeidvik og kommunen, samt i trå med masterplanen og pågåande omstillingsarbeid.



Utleiehyttene som blir plassert i strandsona vil privatisere området meir enn det er i dag og om det er naust som blir bygd. Det må difor vere ein føresetnad at utbygging må skje slik at passasje og moglegheit for opphald for ålmenta langs strandlinja blir sikra. Eit prosjekt som bygger igjen og stenger heilt av nedre del av strandsona vil vere negativt. Området blir underlagt krav om reguleringsplan og der må slike føresetnader vere sikra i føresegnene. I denne prosessen har også Statsforvaltaren moglegheiter til å legge føringar og innspel.

Stranda som Statsforvaltaren nemner i si fråsegn er eit område med mindre rullestein som i utgangspunktet kan ha sin misjon som oppholdsstad for ålmenta. Denne mindre rullesteinen fortsette ikkje ut i vatnet, så det er på den måten ikkje ein så attraktivt stad å nytte til for eksempel bading. I kva grad dette området blir nytta av ålmenta i dag er ikkje kartlagt, men det er kommunen sin vurdering at det er andre stader langs Kursetstranda som er meir egna og meir attraktivt for ålmenta sin bruk. Forslagsstillar trekk også fram ei badestrand 700 meter frå FT3 i sin argumentasjon.

Konklusjon

Sykkylven kommune ønskjer at Statsforvaltaren skal vurderer området på nytt med tanke på å sette dette av til fritid- og turistformål i kommuneplanens arealdel og oppmodar om at motsegna på området FT3 blir trekt.

Synfaring?

Det er lagt ved nokre bilete tatt frå området og eit vedlegg frå forslagsstillar for å vise kva som er visjonen for området. Om Statsforvaltaren vurderer at de treng å sjå nøyare på området så kan kommunen og forslagsstillar stille på ei synfaring etter nærare avtale.

Med helsing

Kristian Trandal
teknisk sjef

Arild Sunde Rinnan
arealplanleggar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Vedlegg

Statsforvaltaren - Samordna motsegn - Kommuneplanens arealdel
Kommuneplanens arealdel 2023-2029 - Merknader og motsegner knytt til arealbruk i planen etter 1. gongs høyring
Brev frå forslagstillar knytt til motsegn til område FT3 i Hundeidvik
Bilder frå område FT3